



BACHELOROPPGÅVE

Leiing av dei yngste barna si tilvenning i barnehagen.

Management of the youngest children's transition to kindergarten.

Kandidatnummer 221 og 306

BLUBACH 2018/2019

Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett

Institutt for pedagogikk, religion og samfunnsfag

Barnehagelærarutdanninga

Innleveringsdato: 30.05.2019

Antall ord: 12975

Me stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, *jf. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 10.*

English Abstract

Title: Management of the youngest children's transition to kindergarten	
Year: 2019	Pages: 48
Keywords: Management, transition, kindergarten	
Summary: <p>The thesis of this text is <i>how the pedagogical leader best manages the transition period from home to kindergarten for the youngest children</i>. To answer the thesis, we found the qualitative interview to be the most suitable method. We interviewed three pedagogical leaders who worked with one and two-year-olds. We then compared the findings with relevant research on the subject.</p> <p>Our study shows that there are several important elements in play to ensure that the child feels safe and sound in the transition from home to kindergarten — knowledge about adaptation and relations being the most vital. Regarding staff management, we found that motivating and facilitating for a solid practice community is essential. In addition to this, we have studied how pedagogical leaders use the primary caretaker arrangement, well-founded routines and relational competency in their management for quality assurance.</p>	

Forord

Denne bacheloroppgåva markerar slutten på vår tid som studentar ved Høgskulen på Vestlandet. Det har vore ei spennande og lærerik tid. Gjennom arbeidet med bacheloroppgåva har me tileigna oss ny kunnskap om eit tema me synes er viktig. Denne kunnskapen vil me ta med oss vidare som nyutdanna barnehagelærarar.

Me vil retta ein stor takk til informantane våre som har latt seg intervjuje kring arbeidet deira. I tillegg ynskjer me å takke vår rettleiar for eit godt samarbeid. Me vil òg takke familie, vener og medstudentar som har vore gode samtalepartnerar gjennom heile prosessen.

Bergen, Mai 2019

Innholdsfortegnelse

1.0 INNLEIING	6
1.1 PROBLEMSTILLING	6
2.0 TEORI	7
2.1 TILVENNING	7
<i>2.1.1 Tilvenning og tilknytning</i>	<i>7</i>
<i>2.1.2 Tilknytingsåtferd</i>	<i>9</i>
2.2 FORELDRESAMARBEID	9
<i>2.2.1 Før barnet byrjar i barnehagen</i>	<i>10</i>
<i>2.2.2 Når barnet har byrja i barnehagen</i>	<i>11</i>
2.3 TEAMLEIING	11
<i>2.3.1 Praksisfellesskapet og situert læring</i>	<i>12</i>
<i>2.3.2 Motivasjon</i>	<i>12</i>
<i>2.3.3 Rutinar</i>	<i>14</i>
<i>2.3.4 Primærkontakt</i>	<i>14</i>
<i>2.3.5 Relasjonskompetanse</i>	<i>15</i>
3.0 METODE	16
3.1 KVALITATIV OG KVANTITATIVT METODE	16
3.2 INTERVJU SOM METODE	17
3.3 VAL AV INFORMANTAR	17
3.4 VALIDITET OG RELIABILITET	18
3.5 ETISKE OMSYN	18
4.0 FUNN OG ANALYSE	19
4.1 TILVENNING	19
<i>4.1.1 Tilvenning og tilknytning</i>	<i>20</i>
<i>4.1.2 Tilknytingsåtferd</i>	<i>21</i>
4.2 FORELDRESAMARBEID	22
<i>4.2.1 Før barnet byrjar i barnehagen</i>	<i>22</i>
<i>4.2.2 Når barnet har byrja i barnehagen</i>	<i>23</i>
4.3 TEAMLEIING	25
<i>4.3.1 Praksisfellesskapet og motivasjon</i>	<i>25</i>
<i>4.3.2 Rutinar</i>	<i>27</i>

4.3.3 Primærkontakt	28
4.3.4 Relasjonskompetanse.....	29
5.0 DRØFTING	30
5.1.1 Tilvenning og tilknytning	30
5.1.2 Tilknytingsåtfærd.....	31
5.2 FORELDRESAMARBEID.....	32
5.2.1 Før barnet byrjar i barnehagen	32
5.2.2 Når barnet har byrja i barnehagen	33
5.3 TEAMLEIING.....	34
5.3.1 Praksisfellesskapet og motivasjon	35
5.3.2 Rutinar	37
5.3.3 Primærkontakt	38
5.3.4 Relasjonskompetanse.....	39
6.0 OPPSUMMERANDE AVSLUTNING	39
LITTERATURLISTE	41
VEDLEGG 1.....	44
VEDLEGG 2.....	45

1.0 Innleiing

I dag går ca. 80% av eitt- og toåringar i Noreg i barnehagen, noko som har vist ei stor auke dei siste fem åra (Statistisk Sentralbyrå, 2017). Tilvenning er eit tema som vert meir og meir aktuelt, dette med tanke på at barn byrjar i barnehagen i ein tidlegare alder enn før. Då den nye rammeplanen kom ut i 2017, kom kunnskapsdepartementet òg ut med ei pressemelding. I denne pressemeldinga vart det skrive at arbeidet med dei yngste barna i barnehagen vert styrka med den nye rammeplanen. Arbeidet vert styrka i form av føringar for samarbeidet med foreldra, og korleis ein saman skal legge til rette for at barnet får ein trygg start i barnehagen (Kunnskapsdepartementet, nr 57-17, 2017).

Dei yngste barna i barnehagen har begrensa moglegheit for å regulere følelsane sine og dei skjønar ikkje kva som skjer når foreldra forlet dei. Å skiljast frå foreldra vil skapa utryggleik hjå barnet. Difor er det viktig at barna opplev tryggleik i samspel med personalet i barnehagen. I ljøs av dette vil det vere naudsynt at barnehagen har gode tilvenningsrutinar som sikrar tryggleik, føreseielegheit og stabilitet hjå barnet (Drugli, 2017).

I dei siste åra har det vorte større interesse for leiing i barnehagen. Zaccaro (2009, referert i Aasen, 2018, s.96) skriv at eit team treng leiing. Leiing er nødvendig for at det pedagogiske arbeidet i barnehagen er i tråd med dei kvalitetskriteriane rammeplanen og barnehagelova krev. I rammeplanen vert det påpeikt at den pedagogiske leiaren har ansvar for å leie det pedagogiske arbeidet. Vidare står det at den pedagogiske leiaren skal leie arbeidet i tråd med det som står barnehagelova og rammeplanen (Kunnskapsdepartementet, 2017)

Med tanke på barnet sitt behov for tryggleik, samt det aukande tal eitt- og toåringar som byrjar i barnehagen, ynskjer me å undersøkje korleis pedagogiske leiarar, leier sitt personale for at overgangen frå å vere heime til å byrje i barnehagen skal opplevast som trygg for barnet.

1.1 Problemstilling

Korleis leier pedagogisk leiar, personalet gjennom ei trygg tilvenning for dei yngste barna i barnehagen?

2.0 Teori

I dette kapittelet skal me belyse teori og forskning som er relevant for å kunne svare på problemstillinga *Korleis leier pedagogisk leiar, personalet gjennom ei trygg tilvenning for dei yngste barna i barnehagen?*

2.1 Tilvenning

Tilvenninga handlar i fylgje Broberg m.fl (2016) om at barnet skal venne seg til det nye miljøet som er i barnehagen og å sette tilknytningssystemet i kvilemodus. Dette forutset at barnet har ein tilknytning til ein eller fleire vaksne i barnehagen. I rammeplanen vert omgrepet overgang brukt som overgangen frå heim til barnehage. I vår oppgåve nyttar me omgrepet tilvenning og tilvenningsperiode. Likevel har omgrepa har same tyding, og vert brukt om kvarandre.

Tilvenningsperioden vert gjennomført på ulike måtar i barnehagar i Noreg i dag. Det er ulikt kor mange dagar foreldra er med i barnehagen under tilvenninga. Undersøkingar gjort av Drugli, Grip og Solheim (2017) viser at 50% av barnehagane oppga at foreldra var med tre dagar under tilvenning. 40% av barnehagane svarte at dei hadde ei fleksibel ordning på kor mange dagar foreldra var med i barnehagen. I dei barnehagane som hadde ei fleksibel ordning, var halvparten av foreldra i barnehagen tre dagar. Funna til Drugli, Grip og Solheim (2017) viser at dei fleste barnehagar har tre dagar tilvenning, til tross for at barnehagen har ei fleksibel ordning. Drugli (2017) skriv at det frå barnehagen side ikkje bør vere ei grense på tal dagar foreldra kan vere med på tilvenninga saman med barna, men at barnehagen må vere fleksibel og sjå barnet sine behov. I tillegg må ein òg sjå korleis barnet sin tilvenningsprosess går.

2.1.1 Tilvenning og tilknytning

For at barnet skal kunne etablere tryggleik i tilvære, treng barnet å knyte seg til ein eller fleire vaksne (Sandvik, 2006). Tilknytning handlar om følelsesmessige relasjonar som er nære. I forhold til tilknytning er det sentralt å nemne tilknytningsteorien til John Bowlby.

Tilknytningsteorien handlar om samspelet mellom omsorg og tilknytning. Dette er eit samspel som omfattar omsorgspersonane si evne og vilje til å gi barnet trøyst, tryggleik og beskyttelse

i utsatte situasjonar, og å støtte barnets behov for å utforske (Broberg, Hagström, Broberg, 2016).

Mary Ainsworth har òg kome med bidrag til tilknytningsteorien. Ainsworth skiljar mellom trygg tilknytning og utrygg tilknytning (Broberg, Hagström, Broberg 2016). At barnet har ei trygg tilknytning kan sjåast ved at barnet stoler på at omsorgspersonen er tilgjengeleg for dei. Når barna søker trøst så vil barnet få den trøysten han eller ho treng. Den trygge tilknytninga vert utvikla ved at barnet gjentatte gonger har erfaringar med sensitiv omsorg og at omsorgspersonen fungerer som ein trygg base når barnet har behov for det. Når barnet føler seg trygg, vil ein kunne sjå at barnet utforskar omverda. Barnet søker omsorgspersonen om han eller ho opplever negative følelsemessige reaksjonar. Når barnet føler frykt, uro eller er engesteleg, vil ikkje barnet klare å utforske og lære (Drugli, 2017). I Broberg m.fl (2016) skriv dei at sjølv om eit barn har ei trygg tilknytning til foreldra, så kan tilvenninga til barnehagen opplevast som vanskeleg. Barnet vil ofte protestere høglytt og ofte over lengre tid. Etter nokre veker vil barnet oftast ha funne seg ein vaksen, og ein vil då mellom anna kunne sjå at barnet søker trøyst og tar i mot trøyst. Barnet vert roleg når det sit på fanget til den vaksne barnet kjenner best, gir klemmar til den vaksne spontant, ladar opp batteria i fanget til den vaksne og ber om hjelp dersom det treng det. Dersom barnet får ei trygg tilknytning, vil det danne eit godt grunnlag for vidare utvikling hjå barnet (Broberg, Hagström, Broberg, 2016).

Har barnet ei utrygg tilknytning, vil det kunne føre til at barnet vert sårbart (Broberg, Hagström, Broberg, 2016). Utrygg tilknytning vil kunne synast ulikt hjå barnet. Nokre barn med utrygg tilknytning vil vise til sine omsorgsgivarar at dei ikkje har behov for støtte og hjelp. Andre barn med utrygg tilknytning vil vere svært klengande på omsorgspersonen, grunna dei ynskjer å vere nær heile tida. Desse barna vil ha vanskar med å utforske omgjevnadane grunna dei ikkje stolar på at omsorgspersonane er der for dei, dersom behovet for trøyst og støtte skal oppstå (Drugli, 2017).

Trygg base er eit omgrep som er sentralt innan tilknytningsteorien. Den trygge basen er den vaksne som gir barnet ein følelse av tryggleik, slik at barnet trygt kan våge å utforske omgjevnadane. Den trygge basen fungerer òg når barnet føler seg utrygt. Barnet søker då tilbake til den trygge basen. Dersom eit barn sin relasjon til den vaksne er utrygg, vil ikkje barnet kunne utforske, fordi barnet ikkje kan stole på om den vaksne er tilgjengeleg (Broberg, Hagström, Broberg, 2016). Når det er ein balanse mellom barnet sin utforskartrang og nærleiksbehovet deira, fungerer den trygge basen best (Abrahamsen, 2015). Personen som gir

barnet ein trygg base er varm, tilgjengeleg, responsitiv, lydhør og sensitiv (Askland & Sataøen, 2013).

I tilvenningsperioden kan ein sjå at barnet søkjer det kjente og trygge. For at barnehagen skal opplevast trygg for barnet, kan tryggleiksobjekt vere til hjelp. Eit tryggleiksobjekt kan vere ein sutteklut, smokk, bamse, leike eller andre ting som barnet har knytt seg til heime, og som kan skape forbindelse mellom tilvære heime og i barnehagen (Fagereng, 2015). Askland & Sataøen (2013) skriv òg om tryggleiksobjekt, men kallar det for overgangsobjekt. Dei seier at eit overgangsobjekt fungerer som ein erstatning. Kva som er eit overgangsobjekt og kor lenge barnet nyttar seg av overgangsobjektet varierer frå barn til barn.

2.1.2 Tilknytingsåtfærd

Med tanke på tilknytning kan ein òg snakke om tilknytingsåtfærd hjå barnet. Tilknytingsåtfærd kan definerast som «enhver form for handlinger som har som formål å oppnå og beholde tilknytingspersonens nærhet og kontakt» (Abrahamsen, 2015, s.58). Tilknytingsåtfærd visast i ulike formar hjå barnet. Barnet kan gråte, rekke hender eller søkje med blikket kor den vaksne er. Tilknytingsåtfærd kan utløyas ved at barna er trøtte, har slått seg eller er blitt redd. Når barnet føler seg trygg, avtar tilknytingsåtfærd. Ofte kan eit blick, kjærteikn eller ei roleg stemme vere nok for barnet. Dersom barnet er svært lei seg, er kroppskontakt det som hjelp barnet (Abrahamsen, 2015).

2.2 Foreldresamarbeid

Når dei yngste barna byrjar i barnehagen er foreldresamarbeidet særst viktig. I rammeplanen står det at «barnehagen skal i samarbeid med foreldra leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god start i barnehagen» (Kunnskapsdepartementet, 2017, s.33). I stortingmelding 19 er det skrivi om foreldresamarbeid. Stortingmeldinga seier at:

Når foreldrene er trygge på at barna har det godt i barnehagen, vil det også ha en positiv effekt på barnas opplevelse av egen barnehagehverdag. Det er særst viktig at barnehagen tilrettelegger for et godt samarbeid med foreldrene til de yngste barna. (Meld. St. 19 [2018-2019] s.36).

I fylgje Birthe Ravn (1995, referert i Glaser, 2018, s.67) handlar foreldresamarbeidet om felles mål for barnet sitt beste. Overgangen frå å vere heime saman med foreldra, til å byrje i barnehagen er ein sårbar periode for barnet. Difor er det viktig med eit samarbeid mellom personalet og foreldra (Abrahamsen, 2013). Barnet sin trivsel, utvikling og læring vert styrka ved å samarbeide godt med foreldra. Eit nært samarbeid med foreldra er noko av det viktigaste ein gjer. Det er viktig med eit godt foreldresamarbeid for barnets trivsel, og samarbeidet er viktigare desto yngre barnet er. I tillegg gir tilfredse foreldre, tilfredse barn. Skil barnehagen kunne lukkast med barnet, er det vel så viktig å lukkast med foreldra (Glaser, 2018).

Undersøkingar gjort av utdanningsdirektoratet viser at 90% av foreldra opplever at dei er særst eller ganske nøgde med barnehagens tilbod under tilvenning. Barna vert ivarettatt av barnehagen meiner foreldra (Utdanningsdirektoratet, 2019).

2.2.1 Før barnet byrjar i barnehagen

Det krevjast planlegging og god informasjonsutveksling både frå barnehagen og foreldra si side for at overgangen og tilvenninga skal bli trygg og god for barnet. Allereie nokre månadar før barnet skal byrje i barnehagen startar barnehagen med tilvenning. Dette gjer barnehagen for at foreldra og barna skal bli så trygge så mogleg til barnehagestart (Glaser, 2018). Det er mange barnehagar som har ei rutine ved at dei sender informasjonsbrev til foreldra i forkant. I informasjonsbrevet vil foreldra kunne få eit inntrykk av korleis den nye kvardagen vert (Fagereng, 2015). I fylgje Drugli (2017) er det hensiktsmessig at informasjonsbrevet inneheld informasjon om barnehagen, og om rutinar barnehagen har. I tillegg til dette kan det vere hensiktsmessig at foreldra får kjennskap om kven som jobbar på avdelinga. Å sende ut informasjonsbrev til foreldra gjer at dei vert betre kjend med barnehagen og kven som jobbar der (Drugli, 2017).

I tillegg til informasjonsbrev nyttar fleire barnehagar oppstartsamtale og besøksdag. Ved besøksdagen vil foreldra kunne sjå korleis barnet er i møte med barnehagen, og korleis personalet nærmar seg barnet for å verte kjend. Alle møta før oppstart gjer at personalet kan legge til rette for at overgangen frå heim til barnehage vert tryggast mogeleg for barnet. Oppstartsamtalen med foreldra gir òg moglegheit for personalet å verte kjend med kven foreldra er, og korleis dei kjenner barnet sitt (Fagereng, 2015).

2.2.2 Når barnet har byrja i barnehagen

Når barnet har byrja i barnehagen har den pedagogiske leiaren ansvar for at personalet har gode rutinar på korleis ein tar i mot barn og foreldre ved overlevering og henting. Personalet må aktivt arbeide med å møte foreldra og barna om morgonen. Det er viktig at personalet kjem til dei, og ikkje omvendt. Gjer ikkje personalet dette, kan avskjeden opplevast vanskeleg for barnet, fordi mottakinga og overleveringa er utydeleg (Broberg, 2016).

Rammeplanen legg føringar på at barnehagen skal legge til rette for gode dialogar i samarbeidet mellom heim og barnehage (Kunnskapsdepartementet, 2017). Glaser (2018) hevdar at samarbeidet i hovudsak handlar om informasjonsutveksling om barnet. Skal informasjonen flyte godt, er det avgjerande at personalet og foreldra opplev tillit til kvarandre. Dersom foreldra opplev tillit til personalet og barnehagen, vil ein lettare tørre å snakke om meir vanskelege tema, og vere meir tydeleg i kommunikasjonen (Glaser, 2018). Drugli (2017) skriv at den daglege kontakten i hente- og bringesituasjonar legg grunnlaget for at personalet lettare kan snakke med foreldra om tema som kan vere vanskeleg. Særleg er det viktig å snakke med foreldra om rutinar ein skal ha for bringesituasjonen om morgonen. Å verte adskilt frå foreldra kan vere krevjande for dei yngste barna. I enkelte situasjonar kan det vere naudsynt for foreldra å få rettleiing (Drugli, 2017). Forsking gjort av Xu (2006, referert i Drugli, 2017, s.115) viser at barnet ofte vert usikker om foreldra er engstelege, eller tydeleg viser dei er utrygge i bringesituasjonen. Ei anna forskning Drugli refererer til er til Klein, Kraft & Shoet (2010, referert i Drugli, 2017, s.115). Dei har funne ut at barna blir negativt påverka når foreldra skundar seg, og at det er forstyrrande for barnet dersom foreldra og personalet byrjar å snakke i lag etter barnet har sagt ha det til foreldra sine.

2.3 Teamleiving

Når barnet har byrja i barnehagen er det viktig at heile personalet arbeider for å nå måla om kvalitet, i arbeid med dei yngste barna. Personalet arbeider i team som vert leia av den pedagogiske leiaren. Å vere leiar for eit barnehageteam er komplekst fordi fag, verdiar, læring og samspel går inn i kvarandre i den nære samspelet mellom medarbeidarane og barna. Teamleiving er ei praksisnær leiingsform, der både den barnehagefaglege og relasjonelle sida av leiarrolla vert sett i fokus (Aasen, 2018). Alle i teamet har ansvar for barnet under tilvenningsperioden. I ljøs av dette er ei sentral leiarrolle å påverke til fellesskap gjennom strukturar som legg opp til ei systematisk fordeling av ansvarsroller. Dette for at kompetansar og interesser vert nytta best mogeleg. Skal teamarbeidet gje resultat i tråd med

dei kvalitetskriteria som ligg i barnehagen sitt samfunnsmandat, må teamleiaren sørge for at arbeidet er målretta (Aasen, 2018). Teamleiaren må sjå til at personalet sine ulike kompetansar vert utnytta og vidareutvikla. Dette for å nå måla om kvalitet i arbeid med barna, og fordi barnehagen skal vere ein lærande organisasjon. Leiing handlar om å styrke samarbeidet i teamet for å påverke teamet sine evner til å nå felles mål (Aasen, 2018).

Ein anna form for teamstruktur er jobbrotasjon. Jobbrotasjon handlar om at pedagogisk leiar og assistentar/fagarbeidarar utfører mange av dei same oppgåvene, og at ein får tildelt oppgåver på grunnlag av kva vakt ein ha (Aasen, 2014). Forsking viser at opp mot 51% av barnehagane nyttar jobbrotasjon (Helgøy, Homme, Ludvigsen, 2010). Denne forma for teamstruktur vert kritisert då den ikkje tar omsyn til kompetansar i teamet (Aasen, 2014).

2.3.1 Praksisfellesskapet og situert læring

Praksisfellesskapet er sentralt når personalet skal lære kvarandre om tilknytning og tilvenning. Omgrepet praksisfellesskapet er utarbeida av Lave og Wenger. I praksisfellesskapet handlar det om å framheve dei ordinære samtalanane som oppstår i kvardagen, og korleis kunnskap vert utvikla i interaksjonane. Kunnskapen er kontekstuell, og blir fordelt mellom medlemmene i teamet. Ser me på kunnskap slik, fører det til at me kan sjå på læring i team som utvikling av samspelet mellom fag og relasjonar, og mellom medlemmene av teamet. Ei forståing av læring i praksisfellesskapet, er at ein lærar grunna kompetansane som er i fellesskapet (Aasen, 2018).

Teamleiing, rettleiing og refleksjon står sentralt som ein prosess i praksisfellesskapet. Ut i frå dette har læring ei sosial og kulturell side, der læring skjer gjennom kvardagsaktivitetar, og læringa er situert i det sosiale praksisfellesskapet i barnehagen. Utgangspunktet for læring i praksisfellesskapet er at situert læring inneberer engasjement i sosial praksis. Situert læring handlar om at læring skjer i samspel med omgjevnadane og situasjonen den inngår i, og kan i praksis bety at læring er ein del av individet sin kvardag. For at det skal kunne skje læring og utvikling i teamet, er situert læring ein grunnleggjande faktor (Aasen, 2018).

2.3.2 Motivasjon

Ei viktig leiaroppgåve i barnehagen vil vere å legge til rette for motivasjon og meistring i personalet. I tilvenningsperioden vil det vere viktig med eit motivert personale, då eit

motivert personale vil yte meir i arbeidet med barna. I fylgje Lillemyr (2007) er motivasjon det som gir oss drivkraft og retning, og det som held oss gåande. Skogen & Haugen (2014) skriv at «motivasjon er en prosess som iverksettes av drivkrefter inne i oss eller av forhold i miljøet, og som resulterer i målrettet atferd» (s.117). Me kan skilje mellom indre og ytre motivasjon. Ein kan seie at eit menneske er indre motivert når handlingane mennesket gjer er basert på interessa og gleda for å utføre handlinga (Gotvassli & Skogen, 2014). Motsett vil ein kunne seie at dersom eit menneske gjer handlingane berre grunna ytre faktorar som lønn er mennesket ytre motivert (Skogen & Haugen, 2014).

Det er viktig å utvikle ei genuin interesse for arbeidet med dei yngste barna i barnehagen. I denne samanheng vil det vere viktig at pedagogisk leiar motiverer personalet slik at dei vert indre motivert. I utviklinga av indre motivasjon er meistring og sjølvbestemmelse viktig. I fylgje Deci & Ryan (1999, referert i Gotvassli & Skogen, 2014, s.130) har menneske eit medfødt behov som seier at me søker etter å meistre omgjevnadane våre. I sjølvbestemmelsesteorien til Deci og Ryan vert det nemnd tre behov som er grunnleggjande. Det fyrste behovet går ut på sjølvbestemmelsesbehovet (Skogen & Haugen, 2014). Dette behovet inneber at den tilsette si stemme må verte høyrd, og den enkelte må ha moglegheiter for å ta eigne avgjersler (Deci & Ryan, 2012, referert i Gotvassli & Skogen, 2014 s.132). Det andre behovet omhandlar det å meistre oppgåvene som vert gitt. Personalet i barnehagen er samansett i forhold til tru og meistring på eigne evner. Som leiar er det viktig å kjenne personalet sitt, og delegere arbeidsoppgåver og ansvar på grunnlag av kompetanse (Gotvassli & Skogen, 2014). Det tredje og siste behovet er det interpersonlege behovet. Det interpersonlege behovet er mennesket sitt ynskje om å føle tilknytning til andre, altså ynskje om å vere saman med andre (Haugen & Skogen, 2014). I Gotvassli og Skogen (2014) sin artikkel har dei bytta ut omgrepet interpersonleg behov med behov for identitet og tilknytning. Dette behovet inneber følelsen av tilhøyrse til arbeidet i barnehagen. Ved å tilfredsstille dei tre grunnleggjande medfødde behova i sjølvbestemmelsesteorien, kan eit menneske gå frå å vere ytre motivert til indre motivert. Gotvassli & Skogen (2014) punkterer at det mest sentrale som påverkar den indre motivasjonen, er at dei tilsette blir tatt med på avgjersler og at dei vert sett og høyrd.

I eit dybdeintervju gjort av Gotvassli og Skogen (2014) kom det fram at personalet må få ta del i diskusjonar om mål for arbeidet og kva som skal prioriterast. I tillegg kom det fram at det er viktig å delegere arbeidsoppgåver opp mot personalet sine kompetansar. I forhold til arbeidsoppgåver må det vere ein samanheng mellom ferdighet og utfordring. Dette vil igjen føre til ein følelse av flyt. Dersom arbeidsoppgåvene er for utfordrande, kan det føre til

usikkerheit eller angst for den enkelte medarbeidar. På den andre sida kan for lette arbeidsoppgåver resultere til at det blir keisamt. Det vert òg framheva at det er viktig med autonomi og forpliktingar, men at sjølvbetømmelse i den forstand utspelar seg innanfor avtalte rammer og forpliktingar. Informanten til Gotvassli og Skogen meiner og det er viktig med anerkjenning av oppgåver under og etter arbeidet. Når ein anerkjenna handlingane vil dette vere med på å auke sjølvtrillita, og den tilsette vil føle meistring og sjølvbestemmelse, og etterkvart tørre å ta ansvar. Vidare kjem det fram frå informanten at det må vere tillit mellom leiar og tilsette, slik at det vert greit med tilbakemeldingar (Gotvassli & Skogen, 2014).

2.3.3 Rutinar

I arbeidet med dei yngste barna, er det viktig å skape eit nært og trygt miljø. Fagereng (2015, s.32) skriv at faste og trygge rutinar er hovudingrediensane for at barnehagen skal bli ein trygg base for barnet. Dette betyr at barnehagane har faste tidspunkt for aktivitetar, når barna skal ete, stellast og leggst. Trygge rutinar gjer at barnet enklare kan venne seg til den nye kvardagen. Utanom dei faste rutinane, skal det i barnehagekvardagen vere rom for at barna får leike og oppdage, både ute og inne i barnehagen. Barna må ha vaksne som held seg i nærleiken, og er der, og viser interesse når barna er på oppdagelsesferdar. Personalet skal vere der når barna søker forklaring og forståing, for eksempel når barna oppdagar maurtua eller fuglen som ligger død på bakken (Fagereng, 2015, s.33).

For dei minste er ikkje ei overflod av planlagde pedagogiske aktivitetar det viktigaste, men heller dei kvardagslege gjeremåla i seg sjølv. Dersom personalet i barnehagen gjer seg bevisst på dette i det daglege, vil innhaldet i dei kvardagslege rutinane vere svært stimulerande for dei yngste barna. Dette karakteriserar Fagereng (2015) som kvardagspedagogikk. Sjølv om dagen er lagt opp med faste rutinar, er ikkje dagane identiske, for ingen dag er lik i barnehagen (Fagereng, 2015, s.33).

2.3.4 Primærkontakt

Mange barnehagar i Noreg nyttar seg av primærkontaktordninga. Likevel er det varierende korleis barnehagane praktiserer ordninga. Tanken bak primærkontaktordninga er at primærkontakten har eit ekstra ansvar for eit eller fleire barn på avdelinga. I tillegg til dette er hensikta å fremme gode og nære relasjonar mellom barn og vaksen. Etter at barnet har

etablert ein trygg relasjon til sin primærkontakt, vil barnet føle seg trygg og kan utforske barnehagen sitt miljø og vere i kontakt med andre vaksne (Drugli, 2017). Primærkontakten vil den fyrste tida fungere som barnet sin trygge base når det er i barnehagen (Fagereng, 2015).

Det å byrja i barnehagen kan opplevast stressande for eit barn (Broberg, Hagström, Broberg, 2016). Ved å bruke primærkontakt i barnehagen kan opplevinga av stress hjå barnet, bli redusert når primærkontakten er tilgjengeleg (Drugli). Små barn registrerar kor deira omsorgsperson er i rommet til kvar ei tid (Abrahamsen, 2013). På bakgrunn av dette kan ein sjå kor viktig primærkontaktsystemet er for barnet, slik at barnet kan føle seg trygg i barnehagen.

Drugli (2017) skriv at dei barnehagane som ikkje brukar primærkontakt, grunngir dette med at det vert for rigid og ressurskrevjande. Dei brukar heller tid på at barna skal verte kjend med alle i personalet, for at det ikkje skal vere sårbart når primærkontakten ikkje er i barnehagen. Vidare skriv ho at å bli kjend med mange vaksne på ein gong, kan vere krevjande for små barn. Broberg m.fl. (2016) meiner det er viktig at barnet føler seg trygg med ein vaksen fyrst, og deretter kan barnet bli kjend med resten av personalet. Ebbek og Yim (2009, referert i Drugli, 2017, 130) si forskning viser at små barn si mogelegheit for å etablere trygg tilknytning til personalet er større dersom barnet har ein primærkontakt.

Johanna Birkeland (2001) har i sin artikkel nemnd at assistentar på lik linje med barnehagelærarar, har fått ansvar for å vere primærkontaktar for barn. Vidare påpeiker ho at det i denne samanheng er det nødvendig at pedagogisk leiar er rettleiar og rollemodell for primærkontakten. Ho skriv at assistentane må få oppfølging i forhold til det ansvaret dei har som primærkontakt

2.3.5 Relasjonskompetanse

Når ein arbeider i barnehagen er relasjonskompetanse viktig. I St.meld. nr. 19 står det at personalet sin kompetanse er ein viktig faktor for at barn i barnehagen skal utvikle seg og trivast (Meld. St. 19 [2015-2016]). Personalet er barnet sin omsorgsperson når barnet er i barnehagen, og difor er det viktig at personalet har kompetanse til å gå inn i ein relasjon med dei yngste barna under tilvenninga (Drugli, 2017). Relasjonskompetanse vert definert av Juul og Jensen (2002, referert i Drugli, 2017) som personalet si evne til:

å se det enkelte barn på dets egne premisser og tilpasse sin atferd til barnet. Relasjonskompetanse innebærer også å være autentisk i kontakten med barnet og være villig til å påta seg det fulle ansvar for relasjonens kvalitet (s.147).

Røkenes og Hanssen (2012) seier at relasjonskompetanse handlar om «å kjenne seg selv, å forstå den andre sin opplevelse og forstå hva som skjer i samspillet med den andre» (s.11). Personalet i barnehagen må kunne gå inn i ein relasjon med kvart enkelt barn, legge til rette for god kommunikasjon og forhalde seg på ein slik måte at det som skjer, blir til det beste for barnet. For å utøve god relasjonskompetanse må ein sjå på det vetle barnet som ein sjølvstendig aktør i sitt eige liv, og vise respekt for barn sin integritet. Relasjonskompetansen opptre saman med den faglege kompetansen som personalet har. Den fagleg kompetansen og relasjonskompetansen utgjer til saman fagpersonen sin yrkeskompetanse (Røkenes og Hanssen, 2012).

3.0 Metode

I dette kapittelet skal me gå nærare inn på kva metode me har nytta for å hente informasjon for å svare på problemstillinga *Korleis leier pedagogisk leiar, personalet gjennom ei trygg tilvenning for dei yngste barna i barnehagen?* I denne delen av oppgåva seier me òg noko om hovudskilja mellom kvalitativ og kvantitativ metode, intervju som metode, val av informantar, samt noko om validitet, reliabilitet og etiske omsyn i oppgåva.

3.1 Kvalitativ og kvantitativ metode

Metoden fortel oss korleis me går fram for å finne og etterprøve kunnskap. Vidare skriv han at me brukar metoden for å undersøkje noko. Den hjelper oss til å få den informasjonen ein treng til undersøkinga (Dalland, 2015). Hovudsakleg kan ein seie at finnast to hovudmetodar: kvalitativ og kvantitativ metode. Skiljet mellom kvalitativ og kvantitativ metode handlar om korleis data registrerast og analyserast (Bergsland & Jæger, 2014). Det som er særlege med kvalitativ metode er at ein går i djupna, at det skjer i direkte kontakt med feltet. Ein kan seie at den kvalitative metoden fangar opp meningar og opplevingar som ikkje lar seg måla. Kvantitative metodar legg vekt på utbreiing og tal. I tillegg så går ein i breidda i kvantitative metodar, i staden for djupa slik som i kvalitative metodar (Dalland, 2015).

3.2 Intervju som metode

Når ein skal undersøkje noko må ein foreta eit val om kva metode ein ynskjer å bruke. Det er særst viktig å vurdere nøyte kvifor ein skal bruke den strategien ein vel. Gjer ein dette, skapar ein som forskar ein bevisst tenking rundt temaet, problemstillinga, metode og val av innsamlingsstrategi (Bergsland & Jæger, 2014). I vårt prosjekt falt valet på kvalitativ metode og intervju som innsamlingsstrategi. Grunngevinga for kvalitativt intervju er at kjem i direkte kontakt med feltet. For å få svar på problemstillinga meiner me at me er avhengige av direkte kontakt med feltet. Me ynskjer å gå meir i djupna på korleis pedagogiske leiarar, leier sitt personalet gjennom tilvenningsperioden for dei yngste barna i barnehagen. Feltet er i fylgje Dalland (2015) det miljøet som vert undersøkt. I denne samanhengen vert det barnehagen. I tillegg til intervju var me òg inne på i planleggingsfasen av prosjektet å nytte observasjon som metode. Dalland (2015) skriv at observasjon gjer at me med eigne auger kan sjå korleis menneska samhandlar seg i mellom og i forhold til miljøet. Me tenkte at å observere kunne vere hensiktsmessig for vår oppgåve. Då kunne me sett korleis dei pedagogiske leiarane leia personalet sitt. Etter mykje fram og tilbake konkluderte me at dette ville vere for tidkrevjande for oss, og for personalet samstundes som dei jobbar med tilvenning av nye barn.

3.3 Val av informantar

Eit viktig aspekt med kvalitativ metode er at den går i djupna. I ljøs av dette valde me å intervju tre informantar. Som forskar må ein i fylgje Dalland (2015) ta eit val angående intervju personar, då val av intervju personar er avhengig av kva du ynskjer å få svar på. Me ynskjer å få svar på problemstillinga *Korleis leier pedagogisk leiar, personalet gjennom ei trygg tilvenning for dei yngste barna i barnehagen?* Difor valde me å intervju tre informantar som er pedagogiske leiarar på småbarnsavdelingar. Ved å velje pedagogiske leiarar, har me tatt eit strategisk val. Eit strategisk val vil seie at ein som forskar vel informantar med bestemte kunnskapar og erfaringar. Det gjer ikkje noko for forskinga sin del at ein vel informantar strategisk. Som forskar kan ein òg oppsøkje informantar gjennom kjennskap (Dalland, 2015). I forhold til våre intervju har me vore bevisst på at me ikkje ynskjer å intervju barnehagar og pedagogiske leiarar me har kjennskap til.

Informant A har vore pedagogisk leiar på småbarnsavdeling i 13 år.

Informant B har vore pedagogisk leiar i 18 år, derav 5 år på småbarnsavdeling.

Informant C har vore pedagogisk leiar på småbarnsavdeling i 10 år.

3.4 Validitet og reliabilitet

Bergsland & Jæger (2014) bruker omgrepa validitet og reliabilitet. Det er ingen metode som er feilfri, og som forskar er det viktig at ein er kritisk og reflekterer rundt den metoden ein nyttar og korleis ein samlar inn informasjon. Validitet handlar om det som er relevant og gyldig (Bergsland & Jæger, 2014). Det som skal målast, må i fylgje Dalland (2015) vere gyldig for det problemet som skal undersøkjast. Vidare skal det ha relevans. Nærleiken ein har til feltet er med på styrke validiteten i eit prosjekt (Larsen, 2007, referert i Bergsland & Jæger, 2014, s 80). Sjølv om me har vald intervjupersonar sjølv, så har det lite relevans dersom spørsmåla me stiller dei, ikkje er med på å sette ljøs på problemstillinga

Reliabilitet tyder pålitelegheit. Det som kan føre til redusert pålitelegheit i ei undersøking er at spørsmåla som blir gitt til informantene blir misforstått eller at forskaren noterer unøyaktig eller svaret blir endra på og får ein annan meining (Dalland, 2015). I transkriberinga har me skrive orda som vart sagt, og gjentatte gongar høyrte gjennom lydopptaka. Gløymer ein eit ord eller skriv eit ord i feil rekkefylgje, kan det endre meininga på setninga. I funna har me i nokre tilfelle reinskrive transkripsjonen for at samtalen og meininga lettare skal la seg overføre til tekst. Då har det vore særskild viktig at meininga til informantane ikkje vert endra på.

3.5 Ethiske omsyn

I eit forskingsprosjekt må ein som forskar tenkje gjennom kva etiske utfordringar prosjektet kan medføre, og korleis dette kan handterast. Ethiske utfordringar og spørsmål er ein del av alle ledd i ei undersøking (Dalland, 2015). I vår undersøking har me særleg lagt vekt god informasjon om prosjektet sitt mål og informantane sine rettigheter. Me har presisert til våre informantar at dette er frivillig, og at dei når som helst kan trekkje seg om ynskjeleg. I forkant av intervjuet har me gått gjennom samtykkeerklæringa saman med informantane slik at me sikrar at begge partar har ein felles forståing for prosjektet, og kva det inneberer ved å delta i prosjektet. Det har vore viktig for oss å få fram at ved å delta i vårt prosjekt skal

opplysingane dei gir, ikkje vere mogleg å identifisera. Me har og reflektert undervegs i prosessen om opplysingane informantane gir og korleis me skal bruke dei på ein etisk forsvarleg måte. For oss har det vore viktig at me i transkriberinga ikkje legg til informasjon som informantane ikkje har sagt. I tillegg har me vore bevisst på at når me analyserer og drøftar utsegna til informantane skal me skilje mellom informantane sine utsegn og våre tolkingar. Dette kan i fylgje Katrine Fangen (2004, referert i Bergsland & Jæger 2014, s. 82) gjerast ved å skrive datamaterialet så transparent som mogleg, og deretter skrive korleis ein tolkar dette. Dalland (2015) skriv at «Det er viktig å finne en måte å få fram funnene på uten å påføre de berørte partene unødig ubehag» (s.107). Dette er me einige i. Det er viktig at me får fram funna i intervjuet på ein god og hensiktsmessig måte, og ikkje krenkjer informantane sine meiningar og ståstad.

4.0 Funn og analyse

I fylgjande kapittel vil me presentere funna frå intervjua. Etter transkribering av intervjua har me kategorisert etter tema, og plukka ut data me finn relevant for oppgåva. Me har vald å sortere funna inn i dei same kategoriane me brukte i teorikapittelet. Dette for å strukturere oppgåva. Intervjupersonane våre vel me å kalle informant A, B og C for å sikre deira anonymitet.

4.1 Tilvenning

I intervjua kjem det fram at tilvenning med foreldre vert praktisert ulikt. Informant A har tilvenning med foreldra i tre dagar, medan informant B har seks dagar. I tillegg til dette legg informant B til:

... alt er individuelt. Nokon er klar etter to-tre dagar, nokon må ha lenger tid, og me er der og me veit om det.

Informant C hevdar at dei ikkje har satt eit tal dagar frå barnehagen si side, men har ei fleksibel ordning. Vidare seier ho:

Nei, altså, for vår del har me ikkje sett noko tal dagar. Det er jo ofte foreldra som på ein måte har det travlast der, i forhold til at dei har sine tre dagar. ... Men eg føler ofte at det ikkje er barnehagen som set begrensingane, det er meir arbeidsgjevar.

Altså kan me sjå at funna viser to sider ved tilvenninga. Den eine sida er at barnehagen har fastsett tal dagar for tilvenninga, medan den andre sida er ei fleksibel ordning.

4.1.1 Tilvenning og tilknytning

Når me spurte informantane om kva dei legg i orda trygg tilknytning og utrygg tilknytning, har dei ulike forståingar av omgrepet. Informant A seier om trygg tilknytning at:

Ungar må føle nærleik og tryggleik rundt dei vaksne. Dei må føle at det er ein vaksen dei kan gå til når dei er redde. Barna går tilbake til sine omsorgspersonar når ting blir følelsmessig vanskelig.

Informant B uttrykker at trygg tilknytning i hovudsak handlar om at personalet må vere tilstade og tilnærma seg barna på ein god måte. Dette kjem fram i utsegna:

... tilnærma oss på ein god måte, det å vera på golvet, sitte nede og vera til stades. Det er me som skal skape denne tryggleiken. Det er me som skal ta det fyrste steget, og me må vere bevisste på rolla vår. Rolla er å vere nær, tilnærma oss forsiktig, men la barna kome til oss.

Når informant C snakkar om trygg tilknytning legg ho vekt på at barna er komfortable på dei vaksne. Dette uttrykkjer informant C ved å seie:

... barna er tydeleg komfortable og trygge på oss vaksne, og det er mykje ein kan sjå det på hjå barnet.

Når det gjeld utrygg tilknytning, hevdar to av informantane at det ikkje nødvendigvis er dei barna som grin høgast som er utrygge. Dei meiner barn med utrygg tilknytning ikkje vil ha trøyst eller at dei ikkje søker trøyst. Dette utdjupar informant A ved å seie at:

Det er barn som ikkje klarar å regulera følelsane sine, altså dei byrjar kanskje å grina, dei klarar ikkje kome seg ut av det, sjølv om dei får trøyst. Eller dei ikkje vil ha trøyst. ... eller for eksempel når dei slår seg eller grin, søker dei ikkje til foreldra sine, eller at dei berre vil sitja på fanget til foreldra. ... angst for det å utforska.

Informant B understreker tydinga av å ha det trygge og kjente for at barna som er utrygge skal føle seg trygge. Dette vert tydeleggjort ved utsegna:

Ein må heile tida understreke dette med kosebamsar og smokk. At dei har vognene sine. At dei har det trygge og kjente. Nokon seier at no må dei få smokken. Då seier eg nei, den kan dei ha til dei er trygge, så kan me få smokken.

Informant C seier om utrygg tilknytning at:

Ja, det er ikkje nødvendigvis dei som grin høgast som er utrygge. Det er kanskje motsett.

Informantane nemner altså at trygg tilknytning i hovudsak handlar om at barnet må føle tryggleik rundt ein vaksen. Informantane legg vekt på at den vaksne må vere til stades for barnet. Den utrygge tilknytninga vil i fylgje informantane i hovudsak synast hjå barn som ikkje søker trøyst eller ikkje vil ta i mot trøyst.

4.1.2 Tilknytingsåtferd

Informantane vart ikkje direkte spurd om tilknytingsåtferd, men informant B seier noko om det. Ho uttrykker at det er mykje sanseintrykk for dei yngste barna, heile tida. Det er viktig å vere obs på barna sine signal. Dette uttrykkjer informant B ved å sei at:

Det er ikkje breling, barnet prøver berre å gje ein beskjed. ...

Vidare seier informant B:

Som vaksen får ein veldig tydelege beskjedar frå barnet, om ein fylgjer godt nok med og er tilstade. Som vaksne må me vere bevisste på dette, å ha armane og fanget opent for å trøysta dei.

Funna viser altså at det er ei sentral oppgåve å tolke barna sine signal. Dei vaksne må ha armar og fang opent for å trøyste.

4.2 Foreldresamarbeid

I intervjuguiden hadde me ingen konkrete spørsmål angående foreldresamarbeid. Likevel er det ein sentral del av svara me får av informantane. Alle informantane legg stor vekt på foreldresamarbeidet i tilvenningsperioden.

4.2.1 Før barnet byrjar i barnehagen

Alle informantane hevdar at foreldresamarbeidet startar allereie før barnet byrjar i barnehagen. Dette seier informant A om foreldresamarbeidet før barnet byrjar i barnehagen:

Me har eit foreldremøte før oppstart, og der startar på ein måte tilvenninga, vil eg sei. For då byrjar du å verte kjend med foreldra, og gjer dei trygge. Her fortel me om dei tre tilvenningsdagane me har i august, kortid dei skal koma. ... Så fortel me litt generelt om barnehagen, om rutinar, for å skape tryggleik blant foreldra. Så avtalar me tidspunkt for oppstartsamtale. ... Der får dei spørsmål om barnet, korleis barnet fungera sosialt, og kva foreldra legg vekt på. Dette for å kunne danne seg eit lite bilete av korleis dette barnet er. Så snakkar me mykje med foreldra, og trygga dei på at dette skal gå bra, og om ikkje dei tre dagane fungera, så finn me ut noko anna.

Informant B har og foreldremøte og oppstartsamtale i forkant av barnehagestart. Ho utdjupar dette samarbeidet ved å seie at:

Me startar alltid med eit foreldremøte i juni, for nye ungar, då er utveksling av informasjon, barnehagen sitt opplegg og innhald, korleis me tenkjer god tilvenning er, dei får treffe pedagogisk leiar, sjå avdelinga og så får dei utdelt informasjonsskriv. Her har me med bileter av personalet, liksom "Her er me", så kan dei bli litt kjend med andleta våre. ... Oppstartsamtalen tar me rett før oppstart. Så har me besøksdag, den har me rett etter foreldremøtet. Då er foreldra litt kjend.

Informant C utdjupar òg korleis foreldresamarbeidet er før barnet byrjar i barnehagen ved å seie at:

Me invitera på besøk i forkant. Foreldra, vertfall ein av dei, saman med barnet. Dette tar me i kort tid før barnet skal byrja i barnehagen, så det ikkje vert så lenge til. ... Då har eg samtale med foreldra, og samtidig søker eg kontakt med barnet. ... Då har eg ofte laga klart informasjonsskriv som er greit å få i starten.

Informantane nemner foreldremøter, oppstartsamtalar og besøksdagar i forkant av når barnet byrjar i barnehagen. Dette for å trygge foreldra, samt for at personalet skal verte kjend med kven barnet og foreldra er.

4.2.2 Når barnet har byrja i barnehagen

Når barnet har byrja i barnehagen, legg alle informantane vekt på foreldresamarbeidet i samanheng med levering av barnet, samt informasjonsutveksling om barnet. Dette vert tydeleggjort i utsegna til informant A som seier:

Visst foreldra er engstelige, så smittar det veldig fort over på barna.

Informant B utdjupar:

Me har alltid ein tett dialog med foreldra. ... Me ringer foreldra om barnet har grine mykje, eller etter levering om morgonen og seier det har gått fint med barnet. ... Den viktige etableringa av tillitsforholdet mellom foreldre og barnehagen, det har så mykje å sei. At du får ein god kommunikasjon med dei, ... Og at me skal vera her for

barnet. ... Får du trygge foreldre, så får du trygge barn. Er ikkje foreldra trygge, så signaliserer dei utryggheit til barn. Me jobbar veldig mykje med at dei skal levera barnet til oss, og at me ikkje skal ta barnet frå dei. Foreldra må visa til barnet at dei anerkjenner og stoler på personalet. ... Ja, og det å sei hadet når det er hadet. Å vere bevisste på at me ikkje skal stå å snakke med foreldra når dei har sagt hadet, då må dei gå. ... Eg har fått masse gode tilbakemelding på at det har gått kjempe fint. ... Personalet må vere på, det nyttar ikkje berre å gøyme seg i ein krok, det er me som har ansvaret for å møte foreldra og barna.

Informant C seier òg noko om foreldresamarbeidet når barnet har byrja i barnehagen. Dette utdjupar ho ved å seie:

Me sender ei melding eller ringer til foreldra og fortel at det går bra med barnet, dersom leveringa har vore vanskeleg.

Informant C fortel vidare at ho kjem med råd til foreldra i forhold til avskjed om morgonen. Dette utdjupar ho ved å seie:

Eg har gitt litt råd til foreldre i forhold til dette med avskjed, ... at dei gjer avskjeden kort og tydeleg. Når dei har bestemt seg for å gå, så gjennomfører me det. ... Men det er klart det er ulike foreldre, og nokre foreldre har vanskeleg for å gå, og drar leveringa unødvendig ut. Dette vert ein vanskeleg situasjon for barnet, og då har eg hatt ein ekstra samtale med foreldra der eg rettleiar dei på dette.

Det kjem altså fram at foreldresamarbeidet er med på å trygge foreldra, som vidare fører til at barna vert trygge. Informantane nemner spesielt informasjonsutvikling og bringesituasjon når barnet har byrja i barnehagen. Dette for at både foreldra og barnet skal oppleve bringesituasjon som god.

4.3 Teamleing

Informantane fekk spørsmål om korleis dei fordeler ansvarsoppgåver i forhold til tilvenning. Her kjem det fram ulike svar. Informant A seier:

Så på avdelingsmøter, der me planlegg tilvenninga, der fordel eg barna til primærkontaktane. Og då har assistentane ansvar for nokon, og eg for nokon. Så set eg opp eit oppsett på kven som skal vera inne, kven som skal vera ute med dei barna som allereie har gått her eit år. Så eg lagar veldig tydelege planar, ... for det skapar ein tryggleik blant dei som jobbar der, men det er ikkje alltid ting skjer akkurat sånn, men då er det vertfall ein plan på det, om det skulle skje noko uforutsigbart.

Informant B har hovudansvaret i forhold foreldremøter og foreldresamtalar. Ho seier:

Når me byrjar med tilvenning, fordeler me ansvarsoppgåver slik at alle har likt ansvar. ... Eg har alltid mykje samtalar med personalet, om alle dei tinga eg har tatt opp med foreldra, ... Så dei er med heile vegen, men eg set mykje krav til dei.

Informant C legg vekt på at det er ho som har hovudansvaret for foreldrekontakten og beskjedane som kjem, og vidareformidlar dei til resten av personalet. Ho seier vidare:

Me diskuterer alltid i forkant om korleis tilvenninga skal vere. Me har ulike vakter, ... så då er det oppgåvene som ligg til vaktene, ... altså at alle har ansvaret for den praktiske gjennomføringa av tilvenninga.

I funna kjem det altså fram at informantane lagar tydelege planar for at personalet skal vite kva dei skal gjere, og kva dei har ansvar for under tilvenninga.

4.3.1 Praksisfellesskapet og motivasjon

Vidare fekk informantane spørsmål om korleis dei brukar kompetansane som er i teamet, og korleis desse kompetansane vert vidareutvikla. Svara me fekk kan knytast opp til både praksisfellesskapet og motivasjon, og difor valde me å slå saman desse underkategoriane i dette kapittelet. På spørsmåla svarte informant A:

Dei får lov til å gjer det som er mest interessant for dei i det pedagogiske arbeidet. ... Men eg synes og det er viktig å utfordra, og det synes dei og er kjekt etterpå, når dei får litt utfordringar. .. er du veldig godt på noko, sjølvst sagt brukar eg den kompetansen som dei har. ... Eg brukar rettleiing, men synes og det er viktig at dei får lov å prøva seg litt sjølv, og er det noko eg kan gjere for at det vert enklare for dei, så gjer eg sjølvst sagt det. Det er og veldig mykje rettleiing i det daglege arbeidet, som ein kanskje ikkje tenkjer over. ... Så har me og rettleiing i forbindelse med personalmøter. Avdelingsmøter der me har casar, der ein tar opp ting ein synes er utfordrande, vanskeleg eller ja, ein treng litt rettleiing på.

Informant B understrekar kor viktig det er med skryt. Det vert tydeleggjort ved utsegna:

Eg prøver å skryta mykje av det som er bra. ... Dette ved at eg seier, eller kjem med eksemplar som der var du kjempegod, og forklarar kvifor eg meiner ho var god i desse situasjonane. ... Eg tenkjer desto meir skryt du får av dei positive tinga, så vil du gjer meir av dei.

Vidare seier informant B at:

Så lærer me av kvarandre, og utfyller kvarandre heile vegen. Og det med å utfylla, eg ser jo at nokre er kjempegode på enkelte ting, då brukar eg dei der. Andre synes kanskje det er litt vanskeleg, og ja, då venter du kanskje litt med det, før du prøver å utfordre. ... Så det å bruka kompetansen der eg ser at dei blomstar, tenkjer eg er viktig. ... Så har me casar som eg har laga til, så diskuterer me rundt det, så kjem eg med eksempel der er har gått i salaten, for å visa at det gjer me alle, og det er greit. Så bygger me vidare på det, og då kjem dei ofte tilbake med spørsmål om enkelte situasjonar.

Informant C nemner korleis ho brukar erfaringane til personalet for å vidareutvikle kompetansane som er i teamet. Ho seier at:

Eg og ei anna har vore på småbarnsavdeling heile tida, og då er det klart at eg og ho har veldig god kompetanse på tilvenning, og då brukar me desse kompetansane i diskusjonar. I diskusjonane får alle komme, det er lov å koma med sine tankar. ... Det

er ingen av oss som har småbarnspedagogikk i botnen, men det vert den praktiske kompetansen ein har opparbeida seg, erfaringane.

For bruk og vidareutvikling av kompetansar vert det spesielt nemnd avdelingsmøter som kjelde til diskusjon og refleksjon. Dei legg vekt på å bruke rettleiing, skryte av det som er bra, og at personalet skal få gjere det dei er gode på.

4.3.2 Rutinar

Når me spurde informantane om kva rutinar barnehagen har for tilvenningsperioden, var alle informantane einige om at det er tilvenning som står i fokus dei fyrste månadane. Informant A fortel:

Me legg opp til rolige dagar, det er tilvenning me driv med dei fyrste månadane. Me driv ikkje med alle mogelege andre aktivitetar. Dette for at barna skal bli kjend med oss vaksne og med dei andre barna. Bli kjend med inneområdet, uteområdet og desse kvardagslege rutinane våre, som for eksempel å gå til samling, ... alle sånne overgangar. ... Men etter kvart som dei vert kjend med alle rutinane, vert dei trygge. Og då gjer me det igjen, og igjen, og igjen.

Informant B seier om rutinar at:

Ja no er det berre vekk med alle rutinar og krav som me tenker, no er det berre dei, la dei få yoghurten fyrst. No er det å gjer dei trygge, og få ein god tone, så byrjar me å jobbe inn våre rutinar. Det har gått kjempe fint. ... Dei legg seg når dei er vant til å legge seg, og så plutselig legg alle seg klokka halv tolv. Det er noko med det. Det å ikkje stressa, bruka tida. Ta det med ro, så kjem ting etter kvart. For det viktigaste er å få trygge barn.

Informant C legg vekt på at det er viktig å ikkje ha store planar i tilvenningsperioden, og utdjupar det ved å sei:

Ja, så har me ikkje veldig store planar, altså det er tilvenning som er i fokus.

Funna viser altså to perspektiv på rutinar i tilvenningsperioden. Det eine perspektivet er at barna skal verte kjend med barnehagen sine rutinar. Det andre perspektivet er at barnehagen skal tilpasse seg barna sine rutinar i starten, og seinare jobbe inn sine rutinar. Informantane er samde i at tilvenninga er i fokus den fyrste tida.

4.3.3 Primærkontakt

Informantane fekk spørsmål om barna har primærkontakt i barnehagen, og korleis det fungerer i praksis. Dette praktiserer alle informantane forskjellig. Dei har alle ulike erfaringar med bruk av primærkontakt i barnehagen. Informant A fortel:

Me har alltid brukt å ha primærkontakt. ... Men no i dei siste åra har me opplevd at foreldra vart veldig opphengte i kven som var primærkontakten til deira barn. ... Derfor har me no prøvd at eg seier i personalet, at du har ansvar for dei, og du har ansvar for dei. Så eg veit kven eg er primærkontakt til, men eg seier det ikkje til foreldra. Men det eg presisera veldig til foreldra er at alle dei vaksne i barnehagen, skal bli fortast mogleg kjend med barnet ditt fordi at me er eit lag som jobbar i lag, me har forskjellige vakter og derfor er det viktig at barnet vert kjend med alle dei vaksne. ... Så me har vore veldig positive til dette, og det er ingen foreldre som har etterspurd noko. Men er synes og det er kjempeviktig med primærkontakt, for å sikra at alle foreldre og barn vert sett.

Informant B utdjupar og kva ho tenkjer kring bruk av primærkontakt ved å seie:

Nokre meiner det er veldig viktig å ha primærkontaktar, men eg synes ikkje at det skal setjast opp på førehand, fordi det handlar om kjemi. ... Me tenkjer at barna skal få bestemme kven dei vil ha som primærkontakt, ... Og så er det slik at me ikkje til stades til kvar ei tid. Så er det viktig at alle, det har me snakka mykje om, at alle må jobba for å ein god kontakt med barna.

Informant C hevdar og at det handlar om kjemi. Dette kjem fram i utsegna:

Nei me har ikkje primærkontakt. ... Det er vanskeleg å sei på førehand kven barna knyter seg til. ... Me ser litt kven dei trekkjer mot, og har eit bevisst forhold til at me skal fordele oss, slik at alle har nokon.

Funna viser altså at informantane har ulike meiningar kring bruk av primærkontakt, men at alle i hovudsak er bevisst på at alle barn skal verte sett.

4.3.4 Relasjonskompetanse

Informantane gjev ulike svar på spørsmålet om kva dei meiner er viktige kompetansar som den vaksne må ha i relasjonen til barnet. På spørsmålet svarar informant A:

Det er vertfall viktig at den vaksne har kunnskap om tilknytning på småbarnsavdeling, og kva signal du skal sjå etter, og kva du sjølv kan gjer, for å få barnet trygt. Og det med å bygga relasjonar, dei må vera flinke til å bygga relasjonar. Det er veldig bra om du klarar å behalda roen, at du ikkje vert stressa, fordi om du stressar, vert barna og stressa. ... Barn er veldig vare for sånt.

Informant B fokusera på den vaksne si rolle i relasjonsbygginga. Dette kjem fram i utsegna:

Det er me som har ansvaret for å skape ein god relasjon, det tenkjer eg er kjempe viktig. Så det å vere den varme, grensesetjande vaksne. Varm og tydeleg, setje seg ned, vere til stades, anerkjenne følelsar og vere genuint opptatt av at det er kjekt å sjå barnet. ... Me snakkar mykje om korleis me opptre som vaksne, og det å vere til stades som vaksen. ... For det å vere til stades tenkjer eg at du med i hovudet, augo og hjarta. Sit du berre å glor på ein leikeplass, og tenkjer du har full kontroll, så har du ikkje det.

Informant C legg vekt på kompetanse om barnet for å danne ein god relasjon. Dette utdjupar ho ved å seie:

Du må ha kompetansar om kva barnet treng, kva dei føler, kva som er viktig for ein eitt årning og kva forventingar dei har. Ja, og då har du meir forståing for kva dei treng.

Funna viser altså at ein må ha kunnskap om små barn sine behov for å kunne danne gode relasjonar til barnet. Det er dei vaksne som må bygga relasjonen til barnet.

5.0 Drøfting

I dette kapittelet vil me drøfte våre funn opp mot relevant teori for å kunne belyse vår problemstilling *Korleis leier pedagogisk leiar, personalet gjennom ei trygg tilvenning for dei yngste barna i barnehagen?*

5.1 Tilvenning

Undersøkinga vår viser at det er to perspektiv på barna si tilvenning. Det eine perspektivet er omsynet til barnet, det å kunne sjå barnet sine behov. Det andre perspektivet er foreldra sine moglegheiter for å ta permisjon frå sitt arbeid, difor ofte tre dagar. Dei ulike perspektiva er i tråd med undersøkinga til Drugli, Grip og Solheim (2017) som viser at 50% at fortalde at foreldra var med i tre dagar under tilvenning. 40% av barnehagane svarte dei hadde ei fleksibel ordning, og i desse barnehagane var halvparten av foreldra i barnehagen i tre dagar. Likevel kan det tolkast at alle informantane ser kvart enkelt barn sine behov i forhold til tal tilvenningsdagar. Å sjå barnet sitt behov er i tråd med kva Drugli (2017) skriv om tilvenningsdagar. Ho legg vekt på å ta utgangspunkt i barnet sine behov og deira tilvenningsprosess. Sett i ljøs av problemstillinga vert det viktig at pedagogisk leiar og personalet har ein tett dialog med foreldra, og ser barnet sine behov slik at barnet får ei trygg tilvenning.

5.1.1 Tilvenning og tilknytning

Informantane la vekt på at barnet må føle tryggleik rundt ein vaksen, for å sikre barna ei trygg tilknytning. Dei nemnde spesielt at den vaksne må vere til stades for barnet. Dette kan overførast til Broberg m.fl. (2016) som seier trygg tilknytning vil sjåast ved at barnet stolar på

at omsorgspersonen er tilgjengeleg for dei, og at når barna søker trøyst vil barnet få den trøysten han eller ho treng. Det kjem ikkje tydeleg fram i intervjuet, men det kan likevel tolkast at informantane er opptatt av å vere den trygge basen for barnet. Trygg base er noko både Broberg m.fl. (2016), Abrahamsen (2015) og Askeland og Sataøen (2013) skriv om. Dei nemner spesielt at den vaksne som trygg base gir barnet ein følelse av tryggleik. Set i ljøs av problemstillinga vil det vere viktig at pedagogisk leiar har kunnskap om kva trygg tilknytning er for barnet, og korleis skape den trygge tilknytninga.

To av informantane fortalde at barn med utrygg tilknytning ikkje vil ha trøyst eller ikkje søker trøyst. Dette støttar teorien opp under. Drugli (2017) hevdar at dei utrygge barna viser til sine omsorgspersonar at dei ikkje har behov for støtte og hjelp. Me ser det som positivt at informantane er klar over skilnaden på trygg og utrygg tilknytning hjå barnet. I vår data kjem det fram forståingar frå pedagogiske leiarar. Set i ljøs av problemstillinga vil det difor vere viktig at pedagogisk leiar vidarefører og kvalitetsikrar kunnskapen om trygg og utrygg tilknytning til resten av personalet.

Ein av informantane påpeika at barna må få ha det trygge og kjente i tilvenninga. Informanten nemnde spesielt smukk, kosebamse og vogna. Dette ser me opp mot Fagereng (2015) som påpeikar at tryggleiksobjekt kan vere til hjelp for at barnet skal føle seg trygg i barnehagen. Me ser det som positivt at tryggleiksobjekt vert brukt og at informanten rettleier personalet for ei felles forståing for bruken av tryggleiksobjekta. Samstundes kan ein stille spørsmål om tryggleiksobjekt vert brukt bevisst som ein erstatning som kan skape forbindelse mellom tilvære heime og i barnehagen eller ikkje. På bakgrunn av funn og teori, tenkjer me tryggleiksobjekt er gunstig for at barnet skal få ei trygg tilvenning i barnehagen.

5.1.2 Tilknytingsåtfærd

Det kom fram i intervjuet at eit barn som grin, prøver å gje ein beskjed. Informanten la vekt på å tolke barna sine signal for å finne ut kvifor barnet si tilknytingsåtfærd vert utløyst. Dette kan sjåast i samanheng med Abrahamsen (2015) som seier at åtfærd vert utløyst når barnet er trøyt, er redd eller har slått seg. Det kan stillast spørsmål ved kvifor dei andre informantane ikkje sa noko om tilknytingsåtfærd til barnet. På den eine sida kan me ta kritikk for at me ikkje stilte informantane spørsmål angående tilknytingsåtfærd. På den andre sida kan det likevel tenkjast at informantane at er bevisst på barna sine signal, og tar dei på alvor.

Grunngjevinga vår for dette er å tolke barna sine signal er grunnleggjande i arbeidet med dei yngste barna i barnehagen. Tilknytingsåtfërda er barnet sin måte å kommunisere på.

5.2 Foreldresamarbeid

Alle informantane la vekt på eit godt samarbeid med foreldra for å sikre barna ei trygg tilvenning i barnehagen. Dette kom fram i intervjuet sjølv om informantane ikkje fekk konkrete spørsmål angående foreldresamarbeid. Dei nemnde spesielt at trygge foreldre, gir trygge barn. Dette er i tråd med Abrahamsen (2013) som seier det er viktig med eit samarbeid mellom personalet og foreldra, slik at det vert ein god overgang for barnet. Glaser (2018) nemner at tett samarbeid med foreldra er noko av det viktigaste ein gjer. Sett i ljøs av problemstillinga kan det tolkast at informantane legg vekt på foreldresamarbeid for å sikre at overgangen frå heim til barnehage kan opplevast trygg for barnet.

Informantane gav uttrykk for at foreldra i deira barnehagar er nøgde med tilbodet barnehagen gjev under tilvenninga. I ljøset av dette kan ein sjå samanheng med undersøkinga gjort av Utdanningsdirektoratet (2019) som viser at 90% av foreldre er nøgde med barnehagens tilbod under tilvenning. Likevel tolkar me at informantane si meining er subjektiv, då me ikkje kan vite heilt sikkert om foreldra er nøgde med tilvenninga.

5.2.1 Før barnet byrjar i barnehagen

Det kom fram i intervjuet at informantane har ulike praksis på korleis samarbeidet med foreldra er før barnet har byrja i barnehagen. I forkant av oppstart hevda alle informantane at dei sender ut informasjonsbrev til foreldra. Dette er i tråd med det Drugli (2017) seier at informasjonsbrev til foreldra gjer at barn og foreldre vert betre kjend med barnehagen og kven som jobbar der.

Informantane gjennomfører foreldremøte, oppstartsamtale og besøksdag i forkant av barnehagestart. Informantane presiserer at personalet på denne måten vert kjend med kven foreldra er, og ikkje minst kven barnet er. Dette ser me i samanheng med Glaser (2018) som seier at barnehagane praktiserer møter i forkant, for at både foreldre og barn skal bli så trygge som mogeleg til barnehagestart. Funna er og i tråd med Fagereng (2015) som skriv at personalet på denne måten legg til rette for at overgangen til barnet vert trygg. Me støttar oss

til at det er viktig å danne eit godt grunnlag i foreldresamarbeidet for at barnet skal få ei trygg tilvenning i barnehagen.

Det kom fram i intervju at det er dei pedagogiske leiarane som har ansvaret for samarbeidet før barnehagestart. På den eine sida ser me det som viktig at foreldra har møter med pedagogisk leiar, slik at foreldra kan verte trygge på overgangen frå heim til barnehage. Det kan opplevast trygt å forhalde seg til ein person i tida før barnet byrjar i barnehagen. På andre sida vil det vere svært sentralt at pedagogisk leiar vidareformidlar informasjonen frå foreldra til resten av personalet. Dette for at personalet lettare kan møte barnet ut i frå deira føresetnadar. Sett i ljøs av problemstillinga kan det tenkjast det er viktig at pedagogisk leiar reflekterer saman med personalet om barnet, for å danne ein felles forståing for samarbeidet, og korleis legge til rette for ei trygg tilvenning for barnet.

5.2.2 Når barnet har byrja i barnehagen

Alle informantane la vekt på å ha ein tett dialog med foreldra når barnet har byrja i barnehagen. Det er i tråd med rammeplanen som gir føringar på at barnehagen skal legge til rette for gode dialogar i samarbeidet mellom heim og barnehage (Kunnskapsdepartementet, 2017). Glaser (2018) hevdar at mykje av samarbeidet med foreldra handlar om informasjonsutveksling om barnet. Det kan difor tolkast at den tette dialogen informantane har med foreldra, handlar om informasjonsutveksling om barnet.

Ein av informantane la vekt på verdien av eit tillitsforhold med foreldra. Dette støttar teorien opp under. I fylgje Glaser (2018) er det viktig med tillit mellom foreldre og barnehage. Drugli (2017) seier at tillit er avgjerande for å kunne tørre ta opp meir vanskelege tema. På den eine sida tenkjer me det er pedagogisk leiar og personalet sitt ansvar å opparbeida tilliten mellom personalet og foreldra. Denne tilliten kan skapast allereie før barnet har byrja i barnehagen. Deretter vil det viktig å oppretthalde tilliten. På den andre sida må foreldra tørre å seie i frå når det er noko dei opplever vanskeleg, sjølv om det ikkje er opparbeida tilstrekkeleg tillit til personalet. Likevel tenkjer me det vil vere hensiktsmessig slik som informanten sa, med eit tillitsforhold mellom personalet og foreldra. Sett det i ljøs problemstillinga, tolkar me at dialog og informasjonsutveksling med foreldra, er viktig for at barnet skal få ei trygg tilvenning.

Alle informantane la vekt på foreldresamarbeidet i bringesituasjonar. Dei nemnde spesielt å legge til rette for ei god overlevering av barnet. Ein av informantane presiserte at

personalet må vere på, og ta ansvar for å møte foreldra og barna i bringesituasjonen. Dette er i tråd med Broberg m.fl (2016) som seier at personalet må arbeide aktivt med å møte foreldra og barna om morgonen, og at det må vere tydeleg når overleveringa av barnet skal skje. På bakgrunn av informanten sitt svar kan det tolkast at personalet har ansvaret for å ta i mot barn og foreldre om morgonen. Me støttar oss til at det er personalet som har ansvaret for å møte foreldra og barnet, og ikkje omvendt. Me tenkjer rutinar kan vere med på å sikre at foreldre og barn alltid vert møtt om morgonen. Det er i tråd med Broberg m. fl. (2016) som skriv at pedagogisk leiar har ansvar for at personalet har gode rutinar for bringe- og hentesituasjonar. Det kan samstundes stillast spørsmål ved om personalet er opptatt av å møte barn og foreldre på ein god måte, eller om personalet møter barn og foreldre fordi det er ei rutine. Likevel tenkjer me det er ei sentral leiaroppgåve å sikre at barnehagen har gode rutinar for å møte barn og foreldre i barnehagen om morgonen.

Alle informantane nemner spesielt at dei gir råd til foreldra dersom bringesituasjonen er krevjande. Funna kan tolkast som at dei nyttar foreldrerettleiing. Det er i tråd med Drugli (2017) som skriv at foreldrerettleiing kan vere naudsynt dersom bringesituasjonen er krevjande for barnet. Likevel kan det tenkjast at det er vanskeleg for personalet å retteleie foreldra, då overleveringa av barnet kan opplevast som sårbart. Råda som informantane gir til foreldra, kan knytast opp mot funn i forskning gjort av Klein, Kraft og Shoet (2010, referert i Drugli, 2017, s.115). Forskinga viser at barna vert negativt påverka når foreldra skundar seg, og at det er forstyrrende for barnet dersom foreldra og personalet byrjar å snakke i lag etter at barnet har sagt hadet til foreldra sine. I forhold til levering la ein informant vekt på at engstelege foreldre smittar over på barnet. Dette kan sjåast i samanheng med forskning gjort av Xu (2006, referert i Drugli, 2017, s.115) som viser at barnet ofte vert usikker dersom foreldra er engstelege og tydeleg viser dei er utrygge i bringesituasjonen. Sett i ljøs av funna, tolkar me at informantane er bevisste på at ein god bringesituasjon er viktig for at barnet skal ha det bra.

5.3 Teamleing

Alle informantane snakkar om delegering av ansvarsoppgåver i forhold til tilvenninga. To av informantane la vekt på å lage tydelege planar for å skape tryggleik for personalet. Likevel kan det stillast spørsmål ved korleis informantane delegerer ansvarsoppgåver når dei lagar planar. På den eine sida kan det tolkast at dei delegerer ansvarsoppgåver som fylgje av

kompetansar. At personalet får ansvarsoppgåver i forhold til kva dei meistrar. På den andre sida kan det tenkjast at informantane delegerer ansvarsoppgåvene som fylgje av vaktordningar. Ein informant praktiserer delegering av ansvarsoppgåver ut i frå kva vakt dei har. I forhold til å fordele ansvarsoppgåver som fylgje av vaktordningar, kan ein stille spørsmål ved om dette er til det beste for barnet, og kvaliteten på arbeidet som vert gjort. Forsking gjort av Helgøy, Homme og Ludvigsen (2010) viser at halvparten av norske barnehagar nyttar seg av jobbrotasjon i dag. Ut i frå dette kan det tenkjast at jobbrotasjon er enkelt for den pedagogiske leiaren med tanke på planlegging. Det kan og tenkjast at dei pedagogiske leiarane ikkje er bevisste på korleis dei fordeler ansvarsoppgåver. Teori av Aasen (2018) seier at interesser og kompetansar vert nytta best mogeleg dersom ein legg opp til ein systematisk fordeling av ansvarsoppgåver. Ser ein på teori og funn kan det tenkjast at den eine informanten legg opp til ei systematisk fordeling av ansvarsoppgåver, sjølv om ho nyttar jobbrotasjon. Ved bruk av jobbrotasjon kan ein likevel sjå vaktene opp mot kompetanse, og deretter legge til rette for ein systematisk fordeling av ansvarsoppgåver. I ljøs av problemstillinga lagar informantane tydelege planar til personalet, for at personalet er trygge på kva dei skal gjere til kvar ei tid. Når personalet veit kva ansvarsoppgåver dei har, vil dei vere meir til stades i arbeidet med barna. Dette kan overførast til at barna får ei trygg tilvenning.

5.3.1 Praksisfellesskapet og motivasjon

Sett i ljøs av korleis informantane brukar og vidareutviklar kompetansane i teamet, kan ein tolke datamaterialet på ulike måtar. Ein måte å tolke det er via omgrepet praksisfellesskapet utarbeida av Lave og Wenger. Praksisfellesskapet handlar om å framheve dei ordinære samtalanane som oppstår i kvardagen, og at kunnskap vert utvikla i interaksjonane (Aasen, 2018). Ein av informantane utdjupa i intervjuet, at personalet lærer av og utfyller kvarandre. Dette kan sjåast i samanheng med Aasen (2018) som skriv at læring skjer grunna kompetansane som er i fellesskapet. Me ser det som svært positivt at ein lærer av kvarandre ved å delta i eit praksisfellesskap. Samtidig tenkjer me dei medarbeidarane som allereie sit på mykje kunnskap om tilvenning og små barns behov, ikkje vil ha same læringsutbytte av sjølve praksisfellesskapet. Likevel tenkjer me at ein aldri er ferdig utlært. Å vere i praksisfellesskapet vil føre til læring grunna kompetansane som er der.

Alle informantane nyttar diskusjonar aktivt for vidareutvikling av kompetansar i teamet. Ut i frå dette kan det tolkast at dei pedagogiske leiarane nyttar rettleiing, og at dei reflekterer saman med personalet. Dette er i tråd med Aasen (2018) som skriv at rettleiing og refleksjon er sentralt i eit praksisfellesskap. På den eine sida vil det vere bra at refleksjon og rettleiing fører til ny kunnskap. På den andre sida kan det tenkjast at denne kunnskapen ikkje er verdt noko, med mindre den vert sett ut i handlingar. Kunnskapen må setjast ut i handlingar. I ljøs av problemstillinga vil ein kunne tolke at informantane brukar kompetansane som er i praksisfellesskapet og vidareutviklar desse kompetansane i praksisfellesskapet for at barnet skal få ei trygg tilvenning.

I tillegg til å tolke funna via omgrepet praksisfellesskapet, kan me og knyte det til motivasjon. Slik me tolkar mange av utsegnene til informantane våre, kjem det fram at informantane nyttar motivasjon i si leiing av personalet. Ut i frå svara kan ein knyte funna opp mot to av behova i sjølvbestemmelsesteorien. Det eine behovet i sjølvbestemmelsesteorien går ut på at personalet må verte høyrd og ta eigne avgjersler, altså sjølvbestemmelse (Deci & Ryan, 2012, referert i Gotvassli & Skogen, 2014, s.132). Dette behovet kan sjåast i samanheng med det informantane sa om avdelingsmøter og casar. På den eine sida tolkar me at personalet er med på å ta avgjersler, og at deira stemme vert høyrd på avdelingsmøter. På den andre sida er alle menneske ulike, og for enkelte kan det opplevast som vanskeleg å ta ordet. Likevel tenkjer me det er ei sentral leiaroppgåve å arbeide for ein kultur der personalet vert høyrd og får ta eigne avgjersler. Ser ein på svaret til ein av informantane, gir ho eksemplar på når ho har gjort noko feil. På denne måten viser ho at alle gjer feil og at det er greit. Det kan vidare tenkjast at ho på denne måten opparbeida ein kultur for at alle skal tørre å ta eigne avgjersler og verte høyrd.

Ein av informantane la vekt på å få fram det positive i kvar enkelt medarbeidar, og skryte av handlingane personalet hennar gjer. Informanten fortalde vidare at når ho ser at nokon har kompetanse på ulike punkt, så brukar ho dei der. Dette kan òg sjåast i samanheng med eit behov i sjølvbestemmelsesteorien. Behovet handlar om å meistre oppgåvene som vert gitt (Gotvassli & Skogen, 2014). Når informanten skryt av handlingane til personalet og forklarar kvifor ho meiner det var bra, kan det tenkjast at det fører til at personalet opplev meistring. I ljøs av dette kan det tolkast på fleire måtar. På den eine sida kan måten informanten skryt av personalet på, føre til indre motivasjon. Desto meir skryt ein får av handlingane ein gjer, jo meir vil ein gjer av dei. På den andre sida kan det tenkjast at ein gjennomfører handlingane berre fordi ein får løn i form av skryt. Likevel kan det tenkjast at måten informanten beskriv ho skryt på, fører til indre motivasjon. Dette fordi ho legg vekt på

å få fram det positive i kvar enkelt medarbeidar, og får dei til å reflektera over handlingane sine. I tillegg til å skryte av handlingane personalet gjer, legg to av informantane vekt på at det er viktig å utfordre personalet. Dette kan sjåast i samanheng med Gotvassli og Skogen (2014) som seier det er ei viktig leiaroppgåve å kjenne personalet sitt. Me støtter oss til dette, og tenkjer at når pedagogisk leiar kjenner personalet sitt og kompetansane deira, kan ein lettare utfordre personalet når dei er klar for det. Me tenkjer at når ein vert utfordra og deretter får det til, vil det føre til meisting hjå den enkelte.

Me har ikkje funne direkte samanheng mellom det siste behovet i sjølvbestemmelsesteorien som handlar om tilhøyrsele og tilknytning til andre. Likevel kan det tenkjast at når ein meistrar oppgåver, er del av eit fellesskap og får vere med å ta avgjersler, fører det til tilhøyrsele og tilknytning. Slik me tolkar utsegnene, får informantane personalet til å verte indre motivert for arbeidet i barnehagen. Grunngevinga vår for dette er at når dei tre grunnleggjande behova i sjølvbestemmelsesteorien vert tilfredstilt, vert ein indre motivert. Dette er i tråd med Gotvassli & Skogen (2014). I ljuset av dette kan ein sjå samanheng med undersøkinga gjort av Gotvassli og Skogen (2014) som viser at ei viktig leiaroppgåve er å jobbe med motivasjon, meistring og sjølvbestemmelse. I ljuset av problemstillinga kan ein seie at informantane nyttar motivasjon i si leiing av personalet.

5.3.2 Rutinar

Når det gjeld rutinar hevda alle informantane at det er tilvenning som er i fokus dei fyrste månadane. Alle informantane la vekt på at rutinar er viktig i tilvenninga for dei yngste barna i barnehagen. Her viser teori og funn det same. Fagereng (2015) påpeikar at rutinar er viktig for at barnehagen skal bli ein trygg base for barnet. Ein av informantane legg vekt på at barnet skal tilpasse seg barnehagen sine kvardagslege rutinar. Ein anna informant la på den andre sida vekt på at dei legg vekk alle rutinar og krav frå barnehagen si side, og når barna er trygge byrjar dei å jobbe inn barnehagen sine rutinar. Likevel kan det tolkast at begge informantane set barnet i fokus. Det er barnet som skal verte trygg i barnehagen.

Ein av informantane la vekt på rolige dagar med fokus på rutinar for at barna skal verte kjend med dei vaksne i starten. Når ein arbeider med dei yngste barna i barnehagen treng det ikkje å vere ei overflod av pedagogiske aktivitetar. Dersom personalet er bevisst på kva som skjer i dei daglege rutinane, vil rutinane vere stimulerande for barnet. Dette kallar Fagereng (2015) for kvardagspedagogikk. Difor vil det på den eine sida vere av tyding at

personalet er bevisst på innhaldet i rutinane. På bakgrunn av dette tenkjer me rutinane vil vere stimulerande for barnet. Likevel kan det stillast spørsmål ved om dei kvardagslege rutinane barnehagen har er av kvalitet. På bakgrunn av det informantane sa om rutinar, tolkar me det som at informantane la vekt på rutinar og rolege dagar som særst viktig i tilvenningsperioden.

5.3.3 Primærkontakt

Funna viser at det er varierende korleis informantane brukar primærkontakt i barnehagen. Dette kan sjåast i samanheng med Drugli (2017) som skriv at mange barnehagar i Noreg brukar primærkontakt, men det er varierende korleis dei brukar det. Ut i frå funna kan det tolkast at informantane er bevisste på at alle barna vert sett. På den eine sida tenkjer me at det er viktig for barnet å etablere ei trygg tilknytning til ein vaksen. Dette kan sjåast i ljøs av forskning gjort av Ebbek og Yim (2009, referert i Drugli, 2017, s.130) som viser at det er større moglegheit at barn etablerer trygg tilknytning til personalet dersom barnet har ein primærkontakt. På den andre sida vil det vere viktig at barnet vert kjend med alle i personalet, då primærkontakten ikkje er til stades til kvar ei tid. Difor ser det som svært interessant at primærkontaktordninga vert praktisert ulikt i dei ulike barnehagane. I forhold til dette tenkjer me det er viktig å etablere ei trygg tilknytning til ein vaksen fyrst, før ein arbeider for at barnet skal verte kjend med resten av personalet. Broberg m.fl (2016) seier at det å byrje i barnehagen kan vere stressande for små barn. Sett i ljøs av dette tenkjer me at primærkontaktordninga er sentral i tilvenningsperioden til dei yngste barna i barnehagen. Samstundes ser me det som positivt at alle informantane har eit bevisst forhold til at alle barna skal verte sett.

Det kjem ikkje fram i svara frå intervjuet, men me tenkjer likevel at pedagogisk leiar har ansvaret for rettleiing av primærkontakten dersom barnehagen nyttar denne ordninga. Dette for å legge grunnlaget for at barnet får ei trygg tilvenning. Me ser dette i samanheng med det Johanna Birkeland (2001) skriv om primærkontaktsystemet i barnehagen. Ho hevdar det er viktig at primærkontaktane får rettleiing opp mot det store ansvaret som ligg i å vere primærkontakt, då assistentar på lik linje med barnehagelærar har dette ansvaret.

5.3.4 Relasjonskompetanse

Slik me tolkar mange av utsegnene til informantane, har dei ulik forståing av kva dei meiner er viktige kompetansar den vaksne må ha i relasjon til barnet. To av informantane la vekt på kompetansar om tilknytning og små barn sine behov. Dette er tråd med det Røkenes & Hanssen (2012) skriv at relasjonskompetansen opptrer saman med den faglege kompetansen personalet har.

Ein av informantane hevdar at det er dei vaksne som har ansvar for å skape den gode relasjonen til barnet. Informanten nemner spesielt å vere varm, grensesetjande, setje seg ned, vere tilstade, anerkjenne følelsar og vere genuint opptatt av at det er kjekt å sjå barnet. Dette er i tråd med Juul og Jensen (referert i Drugli, 2017, s.147) som hevdar at relasjonskompetanse handlar om å vere autentisk i kontakten med barnet, å sjå det enkelte barn på deira eigne premisser samt å tilpasse si åtferd til barnet. Her tenkjer me det er viktig at den vaksne tek ansvaret for å skape ein god relasjon til barnet. Det er me som skal søkje til barnet, og ikkje motsett. Sett i ljøs av problemstillinga kan det tolkast at informantane legg vekt på kompetansen den vaksne må ha i relasjonen til barnet, samstundes som den vaksne må ta ansvar for å skape relasjonen til barnet. Dette for at barnet skal få ei trygg tilvenning.

6.0 Oppsummerande avslutning

I denne oppgåva har me tatt for oss problemstillinga *Korleis leier pedagogisk leiar, personalet gjennom ei trygg tilvenning for dei yngste barna i barnehagen?* Gjennom teori og kvalitative intervju med tre pedagogiske leiarar har me fått eit innblikk i korleis dei pedagogiske leiarane leier personalet sitt i tilvenningsperioden. Samstundes har me fått eit innblikk i kva dei legg vekt på for at barna skal få ei trygg tilvenning. Gjennom arbeid med denne oppgåva har me opparbeida oss kunnskap me kan dra nytte av i kommande arbeid med dei yngste barna i barnehagen. Kunnskapen og funna vil vere overførbare, men det vil vere umogeleg å generalisere då me gjennom kvalitativt intervju har fått svar frå tre pedagogiske leiarar.

I arbeid med oppgåva kjem det fram fleire sentrale element som spelar inn for at overgangen frå heim til barnehage skal opplevast trygg for barnet. Fyrst og fremst må barnet ha ei trygg tilknytning til ein vaksen. For å skape ei trygg tilknytning er det vesentleg at den vaksne er til stades for barnet. Sentralt for å skape ei trygg tilknytning er å tolke barna sine

signal og ta barnet på alvor. Funna er sentrale for den pedagogiske leiaren si leiing av personalet.

Gjennom undersøkinga vår har me funne ut at dei pedagogiske leiarane la vekt på eit godt samarbeid med foreldra for å sikre barna ei trygg tilvenning i barnehagen. Trygge foreldre gir trygge barn. For at samarbeidet mellom barnehagen og foreldra skal vere god, er det viktig med god informasjonsflyt både før- og når barnet har byrja i barnehagen. Svært sentralt er det å ha ei felles forståing for korleis bringesituasjonen om morgonen skal vere, då den kan opplevast som sårbar og vanskeleg for barnet. Her nemnast òg gode rutinar for å møte barnet og foreldra om morgonen.

Me har gjort mange interessante funn med tanke på teamleiing. Gjennom å setje teori og funn i samanheng har me sett at dei pedagogiske leiarane nyttar praksisfellesskapet og motivasjon for å bruke og vidareutvikle kompetansar i teamet. I forhold til motivasjon var det viktig å få fram det positive i kvar enkelt, skryte, utfordre, verte høyrd og ta avgjersler sentrale nøkkelord. I tillegg kom det fram at det er viktig at den pedagogiske leiaren lagar tydelege planar til personalet for tilvenningsperioden. Gjennom drøfting av teori og funn i denne oppgåva har me sett at gode rutinar for tilvenninga og eit bevisst forhold til at alle barna skal verte sett uansett om ein nyttar primærkontakt eller ikkje, står sentralt i leiinga av personalet. I tillegg står dei vaksne sine kompetansar om tilknytning samt dei yngste barna sine behov sentralt for å skape ein god relasjon til barnet.

Litteraturliste

- Aasen, W. (2014). *Vilkår for utvikling av en lærende barnehage - teamledelse og teamlæring i barnehagen I: Mørreaunet, S., Gottvassli, K.Å., Moen, K.M. & Skogen, E. (red.) Ledelse av en lærende barnehage.* (s.127-146). Bergen: Fagbokforlaget
- Aasen, W. (2018). *Teamledelse i barnehagen.* Bergen: fagbokforlaget
- Abrahamsen, G. (2013). *En god start i barnehagen - toletanse for avskjed i tårer og tid til det nødvendige.* I Haugen, S., Løkken, G. & Røthle, M. (red) *Småbarnspedagogikk. Fenomenologiske og estetiske tilnærminger.* (2.utg.) (s.69-83) Oslo: Cappelen Damm
- Abrahamsen, G. (2015). *Tilknytningsbaserte barnehager.* Oslo: Universitetsforlaget
- Askland, L. & Sataøen, S.O. (2013). *Utviklingspsykologiske perspektiv på barns oppvekst.* Oslo: Gyldendal akademisk
- Bergsland, M.D. & Jæger, H. (red). (2014). *Bacheloroppgaven i barnehagelærerutdanningen.* Oslo: Cappelen Damm akademisk
- Birkeland, J. (2001). Primærkontaktsystemet i barnehagen. *Barnehagefolk, 3.*
- Broberg, M., Hagström B., Broberg, A. (2016). *Tilknytning i barnehagen. Hva betyr trygghet for lek og læring.*(Goveia, I. C. overs.) (1. utg.) Oslo: Cappelen Damm AS
- Dalland, O. (2015) *Metode og oppgaveskriving.* Oslo: Gyldendal Akademisk
- Drugli, M.B., Grip, M.S. & Solheim, E. (2017). Rutinar for tilvenning i norske barnehagar. *Barnehagefolk, 1, 93-98.*
- Drugli, M.B. (2017). *Å være liten i barnehagen.* Oslo: Cappelen Damm Akademisk

Fagereng, K, M. (2015). *Velkommen til barnehagen!: Oppstart og tilvenning for barn og voksne*. Oslo: Kommuneforlaget

Glaser, V. (2018) *Foreldresamarbeid: Barnehagen i et mangfoldig samfunn*. Oslo: Universitetsforlaget

Gotvassli, K.Å. & Skogen, E. (2014). *Motivasjon og mestring i en lærande barnehage. I: Mørreaunet, S., Gottvassli, K.Å., Moen, K.M. & Skogen, E. (red.) Ledelse av en lærande barnehage*.(s.127-146). Bergen: Fagbokforlaget

Helgøy, I., Homme, A. & Ludvigsen, K. (2010). Mot nye arbeidsdelingsmønstre og autoritetsrelasjoner i barnehagen? *Tidsskrift for velferdsforskning* 13(1), 43 -57.

Kunnskapsdepartementet. (2017). *Pressemelding fra Kunnskapsdepartementet nr. 57-17*, 24.04.2017

Lillemyr, O.F. (2007). *Motivasjon og selvforståelse: hva ligger bak det vi gjør?* Oslo: Universitetsforlaget

Meld. St. 19 (2015-2016). *Tid for lek og læring - Bedre innhold i barnehagen*. Oslo: Kunnskapsdepartementet (KD).

Røkenes, O.H. & Hanssen, PH. (2012). *Bære eller bryte*. Bergen: Fagbokforlaget

Utdanningsdirektoratet (2019). Henta frå: <https://www.udir.no/tall-og-forskning/finnforskning/tema/foreldreundersokelsen/>

Utdanningsdirektoratet. (2017). *Rammeplan for barnehagen: Innhold og oppgaver*. Henta frå <https://www.udir.no/globalassets/filer/barnehage/rammeplan/rammeplan-for-barnehagen-nynorsk2017.pdf>

Sandvik, N. (2006). *Temahefte om de minste barna i barnehagen*. Kunnskapsdepartementet.

Skogen, E. & Haugen, R. (2014). *Motivasjon og selvbestemmelse*. I: Skogen, E. (red).
Haugen, R., Lundestad, M., Slåtten, M. V. & E. Skogen (red.). Å være leder i
barnehagen. Bergen: Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS

Gotvassli, K.Å. & Skogen, E. (2014). *Motivasjon og mestring i en lærande barnehage*.
*I: Mørreaunet, S., Gottvassli, K.Å., Moen, K.M. & Skogen, E. (red.). Ledelse av en
lærnde barnehage*.(s.127-146). Bergen: Fagbokforlaget

Statistisk Sentralbyrå. (2017, 13.03.2019). Barnehagestatistikk. Henta 15.05.2019 frå
<https://www.ssb.no/utdanning/statistikker/barnehager>.

Vedlegg 1

Intervjuguide

«Leing av dei yngste barnas tilvenning i barnehagen»

Før sjølve intervjuet ynskjer me å gå i gjennom samtykkeerklæringa som ligg vedlagt. Me ynskjer og å skape ein felles forståing for tilvenning.

Generelt

1. Kor lenge har du jobba som pedagogisk leiar på småbarnsavdeling?

Tilvenning og tilknytning

2. Kva legg du i orda trygg tilknytning og utrygg tilknytning?
3. Har barna primærkontakt i barnehagen? Og korleis fungerer det i praksis?
4. Kva rutinar har barnehagen for tilvenningsperioden?
5. Kva meiner du er viktige kompetansar som den vaksne må ha i relasjonen til barnet?

Leing

6. Korleis fordeler du ansvars oppgåver i forhold til tilvenning?
7. Korleis brukar du dei kompetansane som er i teamet/personalet?
8. Korleis vidareutviklar du kompetansane som er i teamet?
9. Når det oppstår tilvennings utfordringar i barnehagen, korleis leier du personalet gjennom dette?
10. Korleis leier du personalet for at barna skal oppleve ein trygg tilvenning?

I tillegg til desse spørsmåla kjem me ved behov til å stille oppfølgingsspørsmål som:

Kva meiner du med det?

Kan du utdjupe det som du nettopp sa?

Fortel meg kva du tenkjer?

Kvifor?

Korleis?

Kva er tankane dine rundt dett?

Vedlegg 2

Vil du delta i forskingsprosjektet

”Leing av dei yngste barna si tilvenning i barnhagen”

Dette er eit spørsmål til deg om å delta i eit forskingsprosjekt der formålet er å få ei innsikt i korleis pedagogiske leiarar, leier personalet i ein tilvenningsperiode for dei yngste barna i barnehagen. I dette skrivet gjer me deg informasjon om måla for prosjektet og kva deltaking vil innebære for deg.

Formål

Formålet med prosjektet er å få eit innsyn i korleis du som pedagogisk leiar jobbar for å leie personalet ditt gjennom ein tilvenningsperiode for dei yngste barna i barnehagen. Oppgåva har ei problemstilling som seier fyljande: ”Korleis leier pedagogisk leiar, personalet for å legge til rette for ein trygg og god tilvenningsperiode for dei yngste barna?”. Omfanget av prosjektet er ei bacheloroppgåve.

Opplysingane skal ikkje brukast til andre formål enn til sjølve bacheloroppgåva.

Kven er ansvarlig for forskingsprosjektet?

Høgskulen på Vestlandet er ansvarlig for prosjektet.

Veileidar for forskningsprosjektet er XXXX.

Kvifor får du spørsmål om å delta?

Det er tilfeldig kva barnehagar og pedagogiske leiarar me har spurd om å delta i dette prosjektet. Me ynskjer ikkje å bruke barnehagar og pedagogiske leiarar me har kjennskap til. Me ynskjer at det skal vere tre pedagogiske leiarar på småbarnsavdelingar som skal få spørsmål om å delta.

Kva innebærer det å delta?

Metoden for dette prosjektet er kvalitativt forskingsintervju. Om du vel å delta i prosjektet inneberer det at du på førehand får tildelt spørsmål slik at du kan forberede deg til sjølve intervjuet om du ynskjer det. Spørsmåla omhandlar kva du som pedagogisk legg i omgrepa tilknytning, tilvenning, relasjonskompetanse og korleis du leiar ditt personale gjennom barnas tilvenningsperiode. Som nemnd vil du få meir utfyllande spørsmål om du seier ja til å delta. Me ynskjer å sette av ein time til sjølve intervjuet. Opplysingane som samlast inn på intervjuet vert registrert med lydopptakar. Etter intervjuet transkriberer me opplysingane, og lydfila vert sletta.

Det er frivillig å delta

Det er frivillig å delta i prosjektet. Om du vel å delta i prosjektet, kan du når som helst trekkje samtykke tilbake utan å oppgje nokon grunn. Alle opplysningane om deg vil då verte anonymisert. Det vil ikkje ha nokre negative konsekvensar for deg om du ikkje vil delta eller seinare vel å trekkje deg.

Ditt personvern – korleis me oppbevarer og bruker dine opplysningar

Me vil berre bruke opplysningane om deg til formåla me har fortalt om i dette skrivet. Me behandlar opplysningane konfidensielt og i samsvar med personvernregelverket.

- XXXX, XXXX (studentar) og XXXX (rettleiar) vil ha tilgang til opplysningane du gjev.
- Namnet og kontaktopplysningane dine vert erstatta med ein kode som vert lagra på ei eiga namneliste avskilt frå øvrige data.
- Ein vil ikkje kunne gjenkjenne deg som deltakar i publikasjon.

Kva skjer med opplysningane dine når me avsluttar forskingsprosjektet?

Prosjektet skal etter planen avsluttast 31.05.2019. Etter avslutta prosjekt vil alle personopplysningar som er gitt, verte sletta.

Dine rettigheter

Så lenge du kan identifiserast i datamateriale, har du rett til:

- Innsyn i kva personopplysningar som er registrert om deg
- Å få retta personopplysningar om deg
- Å få sletta personopplysningar om deg
- Få utlevert ein kopi av dine personopplysningar (dataportabilitet)
- Å sende klage til personvernombudet eller Datatilsynet om behandlinga av dine personopplysningar

Kva gjer oss rett til å behandle personopplysningar om deg?

Me behandlar opplysningar om deg basert på ditt samtykke.

På oppdrag frå Høgskulen på Vestlandet har NSD – Norsk senter for forskingsdata AS vurdert at behandlinga av personopplysningar i dette prosjektet er i samsvar med personregelverket.

Kvar kan eg finne ut meir?

Om du har spørsmål til studien, eller ynskjer å nytte deg av dine rettigheitar, ta kontakt med Høgskulen på Vestlandet, avdeling Bergen/institutt for pedagogikk, religion og samfunnsfag ved XXXX.

Studentar

XXXX

Epost: XXXX

Telefon: XXXX

XXXX

Epost: XXXX

Telefon: XXXX

Rettleiar:

XXXX

Epost: XXXX

Telefon: XXXX

- Vårt personvernombud Høgskulen på Vestlandet, avdeling Bergen / Institutt for pedagogikk, religion og samfunnsfag.
- NSD – Norsk senter for forskingsdata AS, på epost (personverntjenester@nsd.no) eller telefon: 55 58 21 17

Med venneleg helsing

Prosjektansvarleg

Studentar

Samtykkeerklæring

Eg har mottatt og forstått informasjon om prosjektet ”tilvenning for dei yngste barnehagen”, og har fått anledning til å stille spørsmål. Eg samtykkjer til:

- Å delta i kvalitativt forskningsintervju

Eg samtykkjer til at mine opplysningar behandlast fram til prosjektet er avslutta, 31.05.2019.

(Signert av prosjektdeltakar, dato)